

# Prinsipp for oppførsel og organisasjonskultur i Studenttinget på Vestlandet

Dokumentet	Prinsipp for oppførsel og organisasjonskultur i Studenttinget på Vestlandet
Opphav	ST 2/18
Oppdatert	ST 5/22
Versjon	2.0
Vedtatt	ST 1/23



## 1 Definisjonar

- 2 **STVL** Studenttinget på Vestlandet
- 3 **AU** Arbeidsutvalet
- 4 **Org.kons.** Organisasjonskonsulent
- 5 **Krenka** Personen som har vorte utsett for ikkje-ynskja åtferd
- 6 **Skulda** Personen som har blitt anklaga for ikkje-ynskja åtferd.

## 7 Formål

8 Formålet med dette dokumentet er å gje retningslinjer som førebyggjer ikkje-ynskja åtferd i  
9 organisasjonen, samt å fastsette korleis mottak av varsel skal følgjast opp.

## 10 Organisasjonskultur

11 Organisasjonskultur er eit omgrep som speglar kulturen som vert utvikla mellom menneska  
12 som deltek i organisasjonen. Det omfattar felles verdiar og normer. Verdiar er det vi  
13 oppfattar som viktig og verdt å streve etter, mens normer viser til kva vi ser på som  
14 akseptabelt og uakseptabelt når det gjeld haldningar, handlingar og åtferd.

15 For å fremma organisasjonen sine formål og verdiar best mogleg, er det eit mål at STVL er  
16 ein trygg organisasjon. Dette betyr at fellesskapet er trygt for alle som deltek på våre  
17 arrangement og aktivitetar, samt at vi skapar trygge rammer for alle. Det vert forventa at  
18 alle representantar og deltakare i STVL følgjar opp desse prinsippa:

## 19 Prinsipp for representantar og deltakare i STVL

- 20 • Behandle alle med respekt, og avstå frå alle former for kommunikasjon, handling  
21 eller behandling som kan opplevast, tolkast eller oppfattast ubehageleg, krenkande  
22 eller diskriminerande.
- 23 • Vise respekt for andre sine grenser, og avstå frå alle former av overgrep og  
24 trakassering, både seksuelle og ikkje-seksuelle.
- 25 • Bidra til eit opent debattklima kor alle er velkomne, der ueinigheit vert ytra på en  
26 sakleg måte. Dette inneberer at ueinigheit vert retta mot sak og ikkje person.

- 27 • Bidra til å skape eit innbydande og inkluderande miljø for alle deltakare på både  
28 formelle og uformelle arenaer.
- 29 • Vise respekt for programfesta aktivitet ved å møte opp på seminar, konferansar og  
30 møte.

### 31 Tillitspersonar

32 På Studenttingmøta er det dei tillitsvalde, nemnt i vedtektene, som er kontaktpersonar om  
33 noko oppstår. På andre arrangement i regi av Studenttinget har vi minst eit medlem frå AU  
34 som er tillitsperson. Tillitspersonar utpeikast før eller på starten av kvart arrangement, og er  
35 tilgjengeleg og edru til kvar tid.

36 Tillitspersonane og AU har teieplikt. I ein situasjon kor det vert meldt om eit mogleg brot på  
37 prinsipp, skal det gjennomførast samtale med den krenka i regi av arbeidsutvalet. Dette er  
38 for å løyse saken på best mogleg måte i aktuelt tilfelle.

39 Ved mogleg brot på Studenttinget sine prinsipp skal tillitsperson bli kontakta. Hen er  
40 tilgjengeleg for samtale, og skal undersøka om kor vidt eit prinsipp er brote og korleis brotet  
41 skal følgjast opp. Ved behov tek tillitsperson saka vidare til AU og org.kons. for å saman med  
42 den krenka, avgjere vidare saksgang.

### 43 Rutine for deg som mottar varsling

- 44 1. Du finn ein skjerma plass for å gjennomføre samtale, opptrer roleg og bekreftande.  
45 Sørg for at den krenka er trygg. Noter gjerne under eller rett etter samtalen.
- 46 2. Informer om at du har teieplikt, men at du også er pliktig til å informere AU.  
47 Det er ditt ansvar å ivareta personen inntil andre ansvarspersonar overtek.
- 48 3. Kontakt AU og gjer dei informert om situasjonen. Om saka gjeld ein av dei tas det  
49 kontakt med nokon andre i AU. Ikkje kontakt personen som er skulda.
- 50 4. AU har ansvar for vidare oppfølging av situasjon, og kan delegere ansvar.  
51 Ved behov er det dei som følgjer den krenka til lege eller helsehjelp.
- 52 5. Det er AU som vurderer om varslinga skal bli behandla, kor vidt det er eit brot på  
53 våre prinsipp. Det er dei som har ansvar for vidare saksgang.
- 54 6. Ved mistanke om lovbrott skal politiet bli kontakta. Det er ikkje tillitspersonar,  
55 arbeidsutvalet eller Studenttinget si oppgåve å vurdere om ei handling er i strid med  
56 norsk lov eller straffbart. Dette er opp til det offentlege rettsvesenet og deira  
57 behandling av saka.

58 Om den skulda er medlem i AU er det org.kons. eller arbeidsgjevar som skal handtera saka i  
59 tråd med dei arbeidsrettslege reglane. Dersom det er org.kons. som er skulda i saka, tas det  
60 opp med AU.

### 61 Oppfølging i etterkant

62 Varslingsaker er ofte svært belastande for dei involverte og krev at organisasjonen gjev god  
63 oppfølging, også i etterkant. Det vert krevd at personen som følgjer opp saken er tilgjengeleg

64 for partane etter at vedtaket vert fatta. Det er ikkje automatikk i at den som varslar, den  
65 som er krenka eller den skulda har innsyn i saken.